Suldal kommune

Vinjarheim bukollektiv

DEL II - KONTRAKTSGRUNNLAG

Etter DIFI's «kontraktsvilkår for varer med eller utan montasje/installering»

Laust inventar

Open anbodskonkurranse
etter del I og II i forskrifta

Versjonsnr.	Dato	Hovudtrekk endringar	Endra av
00	13.08.2026	Anbodsdokument	ST

INNHALD

A. GENERELL DEL 4
A.1 Innleiing 4
B. KONTRAKTSFØRESEGNER 4
B.1 Alminnelege kontraktsføresegner 4
Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokument: 4
- DEL 1 Konkurransegrunnlag 4
- DEL 2 Kontraktsgrunnlag (dette dokumentet) med vedlegg 4
B.2 Spesielle kontraktsføresegner 4
Spesielle kontraktsføresegner gjeld føre generelle føresegner. Ved motstrid går dei etterfølgjande vilkåra framfor standard kontrakt frå DIFI. 4
B.2.1 Montering og installering 4
B.2.2 Avtaledokument 4
B.2.3 Kvalitetssikring 4
B.2.4 HMS 4
B.2.5 FDV 5
B.2.6 Reklamasjonsarbeid 5
B.2.7 Garanti 5
B.2.8 Teiingsplikt 6
B.2.9 Forsikring 6
B.2.10 Returordning for emballasje 6
B.2.11 Heving 6
B.2.12 Krav til lønns- og arbeidsvilkår 7
B.2.13 Bruk av underleverandørar, og innleigd arbeidskraft 7
B.2.14 Krav om betaling til bank 8
B.2.15 Mislighald av kontraktsforplikting - konsekvensar for seinare konkurransar 8
B.2.16 Revisjon 8
B.2.17 Etisk handel 8
B.2.18 Fast tilsett 9
B.2.19 Fagarbeidarar 9
B.2.20 Reklame og kontakt med media. 9
B.2.21 Rekningsarbeid 9
B.2.22 Manglar 10

B.2.23 Offentlege gebyr og avgifter 10
B.2.24 Fordringsoverdraging m.v. 10
B.2.25 Dagmulkt ved forseinking 10
B.2.26 Eigedomsretten åt byggherren 10
C. TEKNISKE KRAV 11
C.1 Teknisk skildring 11
D. KRAV TIL LEVERANSEN 12
D.1 Administrative rutinar 12
D.1.1 Korrespondanse 12
D.1.2 Fakturering 12
D.1.3 Møter 12
D.1.4 Rutinar for tilleggs- og endringsarbeider 12
D.1.5 Konsekvensar av endringar 12
D.1.6 Fristforlenging 13
D.1.7 Tilbakehaldsrett 13
D.1.8 Betalingsmislighald 14
E. FRISTAR OG DAGMULKTER 14
E.1 Dagmulktsbelagte fristar: 14
E.2 Dagmulkter 14
E.3 Framdriftsplanlegging 14
F. VEDERLAGET 15
F.1 Prissamanstilling 15
F.2 Regulering 15
F.3 Mengderegulering - Varer i Vedlegg C – prisskjema 15
F.4 Oversikt over underleverandørar 15
F.5 Rekningsarbeider 16
Varer eller material 16
F.6 Opsjonar 16
G. EIGENERKLÆRING ETISKE KRAV 17

A. GENERELL DEL

A.1 *Innleiing*

Sjå Del 1 Konkurransegrunnlag.

B. KONTRAKTSFØRESEGNER

B.1 *Alminnelege kontraktsføresegner*

«Kontraktsvilkår for kjøp av varer med eller utan montasje/installering» skal gjelde for denne kontrakten med endringar som skildra i pkt. B.2.

Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokument:

- DEL 1 Konkurransegrunnlag
- DEL 2 Kontraktsgrunnlag (dette dokumentet) med vedlegg

B.2 *Spesielle kontraktsføresegner*

Spesielle kontraktsføresegner gjeld føre generelle føresegner. Ved motstrid går dei etterfølgjande vilkåra framfor standard kontrakt frå DIFI.

B.2.1 Montering og installering

All naudsynt montering og installering av kvart enkelt produkt skal vere med. Pris på montering/installering skal vere inkludert i pris per produkt i «Vedlegg C – prisskjema».

B.2.2 Avtaledokument

1. Avtaledokument med tilhøyrande kontraktsgrunnlag (dette dokumentet), samt eventuelle endringsavtaler
2. Referat frå kontraktsmøte
3. Konkurransedokument
4. Tilbodet med vedlegg

Ved motstrid gjelder dokumenta i den nemnte rekkefølge.

B.2.3 Kvalitetssikring

Leverandøren skal ha eit kvalitetssikringssystem som sikrar systematisk kontroll av arbeida. Kvalitetssikringssystemet skal ved førespurnad leggast fram for oppdragsgivar.

B.2.4 HMS

Leverandøren er ansvarleg for å ivareta naudsynte tiltak for helse-, miljø- og tryggleik innan egen organisasjon og under arbeidet hos oppdragsgivar. Leverandøren skal følge den til ei

kvar tid gjeldande arbeidsmiljølov med tilhøyrande forskrifter. Leverandøren plikter å ha et internkontrollsystem i henhold til forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (av 6. desember 1996 nr. 1127), og skal på førespurnad kunne dokumentere denne.

Med mindre anna er avtala, skal kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i avtaleoppfølgjinga gå føre seg på norsk. Leverandøren skal sørge for at arbeidstakaren han og eventuelle underleverandørar nyttar kan kommunisere på en slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein tryggleiksrisiko.
For å unngå at det skjer ulykker fordi ikkje alle forstår informasjonen som blir gitt, skal minst ein av det utførande personell på eit kvart arbeidslag kunne forstå og gjere seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkommande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk alle dei andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

Ved brot på HMS-pliktene har oppdragsgivar rett til å stoppe arbeida i den utstrekning oppdragsgivar ser det som naudsynt. Vesentleg mislighald av ovannemnte plikter, som ikkje blir retta innan en rimeleg frist, kan nyttast av oppdragsgivar som grunnlag for heving etter punkt B.2.12 eller utskifting av underleverandør. Fleire og gjentatte brot kan samla sjåast som vesentleg mislighald.
Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under kontrakten skal innehalde tilsvarande vedtak.

B.2.5 FDV

FDV-leveransen er å rekne som ein del av kontraktarbeida på lik linje med resten av leveransen. Leverandøren er ansvarleg for alle FDV-leveransar frå sine underleverandørar, samt koordinere og sette saman FDV-dokumentasjonen frå disse. Leverandøren skal utføre hensiktsmessig brukaropplæring på eigna stad for å sikre ein fagleg og økonomisk korrekt bruk av varene utan ekstra kostnad for oppdragsgivar.
All FDV og sluttdokumentasjon skal leverast i elektronisk format. FDV skal inn i byggherrens FDV system LAFT.

All dokumentasjon skal overleverast på norsk.
FDV-dokumentasjon skal leverast 1 månad før overtakelsen finn stad.

B.2.6 Reklamasjonsarbeid

Reklamasjonsarbeid skal utførast etter avtale og i full forståing med brukarane i bygget. Dersom omsynet til brukaren gjer det nødvendig å utføre arbeidet utanfor ordinær arbeidstid, skal ikkje dette medføre krav på overtidsgodtgjersle mm.

Kostnadar for all naudsynt møteverksemd, samt naudsynte for ferdig- og garantisynfaringar medtas

B.2.7 Garanti

Dersom ikkje anna er avtalt, gjelder fem års garanti for dei leverte varene. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn det som er vanleg for produktet ved løypande tilverking for alminnelege sal.

Leverandøren skal i garantitida snarast mogleg og for egen rekning bytte ut defekte delar eller reparere varen slik at leveransen er utan feil og manglar. Garantien omfattar ikkje feil som skyldast normal slitasje. Leverandøren må sannsynleggjere at feilen/mangelen skyldast normal slitasje i garantitida.
For deler som skiftast ut eller reparerast, tar leverandøren på seg tilsvarande garantiplikt, rekna frå det tidspunkt reparasjonen eller utskiftinga er føretatt.

B.2.8 Teiingsplikt

Leverandøren og hans tilsette og eventuelle underleverandørar har teiingsplikt i henhold til bestemminga i lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 13 -13f. Opplysningar som kjem fram om oppdragsgivar eller tilsette hos oppdragsgivar sine forretningsmessige eller personlege forhold, kan berre gis til andre når dette er naudsynt for gjennomføringa av oppdraget. Det same gjeld opplysningar som er naudsynte for seinare drift og vedlikehald.

B.2.9 Forsikring

Leverandøren pliktar å ha ansvarsforsikring. Forsikringa skal dekke erstatningsansvar innanfor dei beløpsgrenser som er avtalt. Dersom beløpsgrensa ikkje er avtalt, pliktar leverandøren å teikne ansvarsforsikring som er dekkande i forhold til dei skader som kan oppstå med utgangspunkt i oppdragets omfang og art. Forsikringa skal oppretthalde inntil eventuelt erstatningsansvar er bortfalt.
På førespurnad frå oppdragsgivar skal leverandøren legge fram forsikringsbevis for oppdragsgivars kontroll. Oppdragsgivars kontroll fratar ikkje leverandøren risikoen for at forsikringa er dekkande.

B.2.10 Returordning for emballasje

Norsk leverandør (produsent eller importør) skal, dersom det nyttast emballasje, vere medlem i ei returordning, eller oppfylle forpliktinga gjennom eiga returordning med eiga ordning for sluttbehandling, kvar emballasjen blir handsama på ein miljømessig forsvarleg måte (Grønt punkt Norge AS eller tilsvarande returordning). Norsk leverandør har ei sjølvstendig plikt til å oppretthalde medlemskapet i heile avtaleperioden.

B.2.11 Heving

Ein part har rett til å heve avtalen dersom den andre part vesentleg misligheld sine forpliktingar, eller det er klart at slikt mislighald vil finne stad. Før heving skjer, skal det gis ein rimeleg frist til å rette forholdet.
Dersom leverandøren si verksemd opnast for gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller dersom annan form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har oppdragsgivaren rett til å heve avtalen med umiddelbar verknad. Det same gjeld dersom leverandøren si godkjenning for levering av varene opphøyrer.
Vesentleg mislighald av bestemmingane i punkt B.2.9 kan nyttast av oppdragsgivaren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren retter forholda.

B.2.12 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår FOR-2008-02-08-112, siste gjeldande. Sjå Vedlegg E - Eigenrapporteringsskjema løns- og arbeidsvilkår for døme på rapportering.

Leverandøren er ansvarleg for at egne tilsette, tilsette hos underleverandørar (også innleigde) har lønns og arbeidsvilkår i samsvar med:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale.
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar av 8. februar 2008 der denne kjem til bruk. På områder som ikkje er dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra være i samsvar til landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår meinast føresegner om minste arbeidstid, lønn, her under overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike reglar følger av tariffavtalen.

Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne tilsette, tilsette hos eventuelle underleverandørar (også innleigde). Opplysningane skal dokumentere dette ved blant annet kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgivarens bankutskrift. Dokumentasjonen skal være på personnivå og det skal gå fram for den gjeld.

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette forholdet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør (også bemanningsselskap) er rettingsplikten avgrensa til krav som er fremma skriftleg innan tre månader etter lønnens forfallsdato, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følger av lov om allmenngjering av tariffavtaler m.m. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge disse tilfelle.

Byggherren har rett til å holde tilbake et beløp tilsvarande ca. to gonger innsparinga for arbeidsgivaren. Tilbakehaldsretten vert opphøyra så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert. Vesentleg mislighald av lønns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan påkallast av byggherren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren har retta forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (også bemanningsselskap), kan byggherren på same måte krevje at leverandøren skifter ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for byggherren.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

B.2.13 Bruk av underleverandørar, og innleigd arbeidskraft

Leverandøren kan ikkje, utan byggherrens skriftlege samtykke, ha fleir enn to ledd underentreprenørar i kjeda under seg. Vesentleg mislighald som ikkje blir retta innan en rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel fra byggherren, kan påkallast av byggherren som grunnlag for heving.

Leverandørens bruk av enkeltpersonføretak skal grunnast skriftleg. Bruk av bemanningsselskap skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljøloven, her under kravet om likebehandling i § 14-12a. Byggherren kan nekte bruk der han har sakleg grunn.

Ved inngåing av kontraktar om underentreprise som overstig ein verdi på kr 500.000 eks. mva skal leverandøren innhente skatteattest, jf. forskrift om offentlege anskaffing. Fra underentreprenørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det innhentast tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad fra byggherren framlegga skatteattesten. Dersom attesten ikkje er lagt fram, eller viser restansar som ikkje er ubetydelege. Kan byggherre krevje at underentreprenøren vert skifta ut, utan omkostningar, dersom forholdet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist. Dett vert varsla skrifteleg.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeida under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

B.2.14 Krav om betaling til bank

Løn og annan godtgjersles til egne tilsette, tilsette hos underleverandørar og innleigde skal utbetalast til konto i bank. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeida under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

B.2.15 Mislighald av kontraktsforplikting - konsekvensar for seinare konkurransar

Brot på pliktene i denne kontrakten vil bli nedteikna og kan få konsekvensar i seinare konkurransar, enten i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen med omsyn til regelverket for offentlege anskaffingar. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakt skal innehalde tilsvarande føresegner.

B.2.16 Revisjon

Byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføre revisjon hos leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden fra kontraktsinngåing til sluttfaktura er betalt. Dette for å undersøke om kontraktens krav blir oppfylt. Denne tilgangen omfattar også kontraktar og dokumentasjon i underliggande ledd. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakt skal innehalde tilsvarande vilkår.

B.2.17 Etisk handel

Leverandøren skal respektere de grunnleggande krav til menneskerett, arbeidstakarrett og miljø.

Dei varer/produkt som leverandøren leverer skal være framstilt under forhold som er foreinleg med de krav som følger av de til ei kvar tid gjeldande sentrale FN-konvensjonar og ILO-konvensjonar og den gjeldande nasjonale arbeidsmiljølovgiving på produksjonsstaden.

Krav som følger av ovanfor nemnte regelverk er minimumsstandardar. Der konvensjonar og nasjonale lover og reguleringar omhandlar same tema, skal den høgaste standard alltid gjelde. Leverandøren er forplikta til å oppfylle krava under heile kontraktsperioden. Dersom leverandøren brukar underleverandørar til å gjennomføre heile eller deler av kontrakten, er leverandøren forplikta til å vidareføre dei same krav til underleverandørane og bidra til at alle etterlever krava. Det same gjeld og underleverandørane.

Leverandøren skal på oppfordring kunne legge fram dokumentasjon på at krav er oppfylt.

Oppdragsgivar atterhalde seg retten til å gjennomføre meldte eller u-meldte kontroller på produksjonsstaden i kontraktsperioden. Ved kontroll pliktar leverandøren å gi opp namn og kontaktsopplysningar på dei aktørane i leverandørkjeda som oppdragsgivar ynsker å kontrollere.

Oppfyller ikkje leverandøren krava til etisk handel i disse kontraktsvilkåra, inneberer det kontraktsbrot. Ved kontraktsbrot pliktar leverandøren å rette opp i de påpeikte manglane innan en rimeleg frist som oppdragsgivar fastsett. Leverandøren skal dokumentera rettingar, skriftleg, på eit slik vis at oppdragsgivar bestemmer. Ved manglande utbetring kan oppdragsgivar krevje erstatning som står i forhold til oppdragsgivars økonomiske interesse av at krava er følgt, for eksempel negativ publisitet i tilfelle brot.
Ved vesentlege brot på kontraktsvilkår om etisk handel kan oppdragsgivar heve kontrakten.

B.2.18 Fast tilsett

Ved utføring av kontraktarbeida skal arbeidet som hovudregel utførast av fast tilsett i minst 80 % stilling, uavhengig av om arbeidar er tilsette hos leverandøren eller underleverandør, inkludert bemanningsforetak. Kommunen kan gjere unntak fra kravet, for eksempel der midlertidig tilsette erstattar faste tilsette som er i svangerskapspermisjon, er sjuke e.l., eller der krav til fast tilsetting er uforholdsmessig.

Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad, under gjennomføringa av kontraktarbeidet sannsynleggjere at krava vil bli oppfylt. Undervegs (rapportering D.1.5), og avslutningsvis skal det framleggas oversikt over mengd faste tilsette nytta.

B.2.19 Fagarbeidarar

Majoriteten av timane (meir enn 50 %) i alle ledd av kontrakten skal utførast av personar med erfaring frå liknande prosjekt, og fagbrev eller likeverdig fagutdanning.

Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad, under gjennomføringa av kontraktarbeidet sannsynleggjere at krava vil bli oppfylt. Undervegs, og avslutningsvis skal det framleggas oversikt over mengd fagarbeidstimar nytta.

B.2.20 Reklame og kontakt med media.

Reklame og kontakt med media skal utførast etter avtale med byggherre.

B.2.21 Rekningsarbeid

Eitkvart arbeid som medfører krav om tilleggsbetaling utover kontraktssummen, skal ikkje i gang settast før det føreligger skriftleg godkjenning frå byggherren.
Dersom endringsarbeid vert gjort som rekningsarbeid skal dette gjerast opp etter entreprenøren sin sjølvkost for materialar og gjeldande arbeidslønn for vedkommande arbeid, med påslag av dei prosentar for administrasjon, forteneste, sosiale utgifter osv. som entreprenøren har oppgitt i tilbodet.

Ved rekningsarbeid skal entreprenøren kvar veke sende byggherren for attestasjon oppgåve over tid- og materialforbruk i form av timelister og material-lister. For rekningsarbeid over lengre tid kan ein

foreta oppgjer månadsvis. Sluttnota for rekningsarbeid skal sendast byggherren innan 15 dagar etter vedkommande arbeidsavslutning.

B.2.22 Manglar

Arbeida er å sjå på som kontaktstridig også om feilen eller mangelen er av utsjåande- messig art. Framgangsmåten for utbetringsarbeida skal ein fastlegge i samråd med byggherren.

B.2.23 Offentlege gebyr og avgifter

Løpande driftsutgifter, eksempelvis vatn- og avløpsgebyr, renovasjon, lokale avgifter osv., som er knytt til entreprenøren sin produksjon, skal betalast av entreprenøren.

B.2.24 Fordringsoverdraging m.v.

Opparbeida krav på godtgjersle kan verken overdragast eller pantsettast utan byggherren si skriftlege godkjenning. Entreprenør som overdrar krav på godtgjering i samsvar med ei slik godkjenning, står då også ansvarleg ovanfor byggherren og kontrakten.

B.2.25 Dagmulkt ved forseinking

Innrømming av fristforlenging for ein av kontrakten sine delfrister gir ikkje rett til regulering av etterfølgande fristar.

Forseinking på over 100 dagar skal reknast som eit vesentleg misleghald, noko som gir byggherren rett, men ikkje plikt, til å heve kontrakten.

Dersom byggherren vert påført større utgifter enn dagmulkt for gjeldande periode, har byggherren rett til i erstatning i staden for dagmulkt.

B.2.26 Eigedomsretten åt byggherren

Alt materiell som er levert byggeplass er å sjå på som byggherren sin eigedom

C. TEKNISKE KRAV

C.1 *Teknisk skildring*

Der det i skildringa er skildra eit spesifikt produkt kan leverandør nytta eit anna produkt som held same kvalitet og standard som tilsvarande. Dette gjeld også estetisk kvalitetskrav, miljøkrav (Co2 avtrykk). Ved nytta alternative produkt skal dette kome direkte fram av i utfylt vedlegg C «Prisskjema».

Tilbodet skal baserast på anbodsunderlag i mercell.

Der det er oppgitt dokumentasjonskrav for tilbydd utstyr/ merke, jmf. Skildring skal dette leverast inn og komme fram av vedlegg til tilbodet.

D. KRAV TIL LEVERANSEN

D.1 *Administrative rutinar*

D.1.1 Korrespondanse

All korrespondanse skal vere skriftleg mellom partane sine prosjektansvarlege. E-post er å rekne som skriftleg korrespondanse.

D.1.2 Fakturering

Leverandør skal tilby elektronisk fakturering på EHF-format til Suldal kommune.
Faktura skal minst ha 30 dagars betalingsfrist. Leverandør skal sende faktura på e-post til oppdragsgivarrepresentant før fakturering gjennom EHF system, dette for godkjenning.
Faktura utan kommentarar er godkjent innan 1 veke.
Naudsynt fakturagrunnlag så som timelister, målingar m.m. skal vere attestert og følgje med.
Fakturering skal skje direkte frå leverandør til oppdragsgivar, fakturerings selskap skal ikkje nyttast.

D.1.3 Møter

Møter som skal referatførast:

- Oppstartsmøte
- Framdriftsmøter

D.1.4 Rutinar for tilleggs- og endringsarbeider

Varsel om tilleggs- og endringsarbeid skal sendast på e-post. Det skal nyttast avtalt skjema som omhandlar kvar sak. Tilleggs- og endringsarbeid skal berre utførast etter skriftleg bestilling eller rekvisisjon frå oppdragsgivar.
Oppdragsgivar kan pålegge leverandøren endringar som gjeld kvalitet og/eller kvantitet, derunder enda leveringsfreistar, så lenge endringane ikkje sjåast som vesentleg etter anskaffelsesforskriften § 28-2 (forskrifta del III).
Endringane må ligge innafor leverandøren sitt fagområde, stå i samanheng med det avtalen omfattar, og ikkje vere urimeleg tyngande for han å utføre.
Pålegg om endring skal framsettast skriftleg. Det skal komme fram av pålegget at det er ei endring og kva endringa går ut på. Leverandøren skal varsle oppdragsgivar utan ugrunna opphald dersom han vil stø seg til seg at endringsordren ligger utanfor det han er forplikta til i henhold til avtalen.

D.1.5 Konsekvensar av endringar

Leverandøren skal godskrivast for det meirarbeid han har ved iverksettinga av slike endringar, samt for andre direkte kostnader han påførast, i samsvar med det kostnads- og fortenestenivå som den opphavlege kjøpesummen er basert på.
Dersom endringar medfører innsparing for leverandøren, skal disse trekkast frå kjøpesummen på tilsvarande måte.

Dersom partane er ueinige om det beløp som skal godskrivast eller trekkast frå kjøpesummen som følge av slike endringar, skal leverandøren likevel sette i verk endringa utan å avvente den endelege løysinga av tvisten.

D.1.6 Fristforlenging

D.1.6.1 Rett til fristforlenging

Ein part har rett til fristforlenging dersom han blir forsinka som følge av hindring som kan henføres til forhold motparten har risikoen for, så som endringar, manglande medverknad m.m.

D.1.6.2 Forhold utanfor partane sin kontroll (Force Majeure)

Ein part har rett til fristforlenging dersom han kan gjere greie for at framdrifta hindrast av forhold utanfor hans kontroll, så som avtalebestemmingar, streik, lockout eller offentlege forbod eller påbod.

D.1.6.3 Rett til oppfylling

Ved forseinkingar kan oppdragsgivar halde fast ved kjøpet og krevje oppfylling. Dette gjeld ikkje om det føreligg ei hindring som leverandøren ikkje kan overvinne, eller for så vidt oppfylling vil føre med seg så stor ulempe eller kostnad for leverandøren at det står i vesentleg misforhold til oppdragsgivars interesse i at seljaren oppfyller.
Fell vanskane bort innan rimeleg tid, kan oppdragsgivar krevje oppfylling når ikkje dette etter den tid som er gått, vil vere vesentleg meir tyngande eller få ein annan karakter enn leverandøren kunne føresjå eller om det vil vere urimeleg å krevje oppfylling.

D.1.6.4 Førespurnad

Dersom leverandøren spør om oppdragsgivar tross forseinkinga vil ta i mot levering, eller underretter oppdragsgivar om at han vil levere innan ei oppgitt tid, men oppdragsgivar ikkje svarar innan rimeleg tid etter at han har fått meldinga, kan han ikkje heve om oppfylling skjer innan den tid som er oppgitt.

D.1.6.5 Opplysningsplikt om hindring

Dersom leverandøren hindrast i å oppfylle kjøpet til rett tid, skal han gi oppdragsgivar melding om hindringa og den si verknad på høve for å oppfylle. Får oppdragsgivar ikkje slik melding innan rimeleg tid etter at leverandøren fekk, eller burde fått kjennskap til hindringa, kan oppdragsgivar krevje erstatta tap som kunne vært unngått om han hadde fått meldinga i tide.

D.1.7 Tilbakehaldsrett

For oppdragsgivars tilbakehaldsrett, kontraktsbrot ved del av tingen, og levering etter kvart gjelder kjøpsloven §§ 42 – 44.
Er eit erstatningskrav omtvista, kan tilbakehaldsrett eller motrekning ikkje finne stad dersom leverandøren stiller tryggleik i form av ein sjølvskuldnarkausjon frå bank eller anna finansinstitusjon. Som tryggleik reknast også erklæring frå forsikringsselskap om at den påståtte skade er dekka av forsikringa.

Leverandøren skal stille bankgaranti, og oppdragsgivar pliktar ikkje å gjere utbetalingar før han har mottatt slik garanti.
Dersom leverandøren ikkje overheld bestemminga i punkt B.2.9, gjeld tilbakehaldsrett etter punkt B.2.9 sjette ledd.
For øvrig pliktar oppdragsgivar å betale uomtvista krav innan dei avtalte tidsfristar.

D.1.8 Betalingsmislighald

Ved forseinka betaling kan leverandøren krevje forseinkingsrenter i henhold til den til ei kvar tid gjeldande lov om renter ved forseinka betaling. Renteberekning aksepterast ikkje dersom for sein innbetaling frå oppdragsgivar skyldast mangelfull leveranse eller ugyldig dokumentasjon, pakkseddel, følgebrev, faktura etc. frå leverandøren, eller manglar ved leveransen.
Dersom oppdragsgivar ikkje betaler eller oppfyller sine øvrige plikter etter avtalen, og dette ikkje ligg på leverandøren eller forhold på hans side, kan leverandøren krevje oppfylling, heving og erstatning etter kapittel VII i kjøpsloven.

E. FRISTAR OG DAGMULKTER

E.1 *Dagmulktsbelagte fristar:*

Frist (nr.)	**Skildring**	**Dato**
1.	Oppstart	25.nov
2.	Overlevering FDV	1 mnd. før overlevering
3.	Overtaking	23.des

E.2 *Dagmulkter*

Dagmulkter følgjer Avtaledokument.

E.3 *Framdriftsplanlegging*

Framdriftsplan skal utarbeidast og leggjast fram for byggherre for godkjenning minimum 14 dagar før oppstart montering og utbetaling av 1. a-konto.

F. VEDERLAGET

F.1 *Prissamanstilling*

Sjå vedlegg C - Prisskjema

Sum går til evaluering Pris.

F.2 *Regulering*

Prisane er faste og gjer ikkje grunnlag for indeksregulering. Prisberande post ligg i «Vedlegg C – prisskjema»,

F.3 *Mengderegulering - Varer i Vedlegg C – prisskjema*

For varer oppgitt i «Vedlegg C – prisskjema» kan enhetsprisene benyttes, og mengder reguleres i prosjektet.

F.4 *Oversikt over underleverandørar*

Nedanfor skal leverandør liste opp alle underleverandørar som skal nyttast for å gjennomføre prosjektet

Firmanamn	Organisasjonsnummer	Fagområde

F.5 *Rekningsarbeider*

Ved tilleggsarbeid skal byggherre kunne nytte seg av timeprisar og påslagsfaktor.
Postane vil bli nytta ved meirarbeidet og rekningsarbeid.

Timesatsene er inkludert alle påslag, ekskl. mva. Timeprisen skal, foruten utlegg til lønn og overtid etter ordinære satser, også dekke full godtgjerelse for sosiale utgifter og andre indirekte kostnader.

Mannskap utføring, timeprisar		**Pris NOK eks. mva.**		
	Entreprenør	**Timar**	**Timepris**	**Sum**
	Montering / installering av diverse varer	75	FYLL UT	FYLL UT

Byggherre står fritt til å vurdera reknings arbeid i evaluering av tilbodet.

Varer eller material

I evalueringa vil påslagsprosent for materialar / varer levert byggeplass bli vekta i tillegg til totalpris for oppdraget. Påslagsprosent vil bli multiplisert med 180.000,- eks mva.

(Eksempel: Påslagsprosent = 10% → kr.180 000 x 1,10 = kr. 198.000)

Påslagsprosent materialar: __FYLL UT____%

Byggherre står fritt til å vurdera materialar/varer i evaluering av tilbodet.

F.6 *Opsjonar*

Sjå vedlegg C - Prisskjema

Byggherre står fritt til å vurdera opsjonar i evaluering av tilbodet.

G. EIGENERKLÆRING ETISKE KRAV

Lønns- og arbeidsvilkår.

I samsvar med bestemmelsene i forskrift av 2008−02−08 nr 112 om lønns− og arbeidsvilkår og forskrift om offentlige anskaffelser.

Tilbyderen skal sørge for at ansatte hos tilbyderen og eventuelle underleverandører som direkte medvirker til å oppfylle kontrakten, har følgende lønns− og arbeidsvilkår:

- På områder dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale lønns− og arbeidsvilkår; i samsvar med gjeldende forskrifter.
- På områder som ikke er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, lønns− og arbeidsvilkår; i henhold til gjeldende landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransje. Dette gjelder også for arbeid som skal utføres i utlandet.
- Tilbyderen er kjent med at oppdragsgiver kan kreve at tilbyderen og eventuelle underleverandører på forespørsel må dokumentere lønns− og arbeidsvilkårene til ansatte som medvirker til å oppfylle kontrakten.
- Tilbyderen er kjent med at oppdragsgiver har forbeholdt seg retten til å gjennomføre nødvendige sanksjoner, dersom tilbyderen eller eventuelle underleverandører ikke etterlever kontrakts klausulen om lønns− og arbeidsvilkår.
- Tilbyder bekrefter med dette at en ikke kjenner til at virksomheten har begått alvorlige brudd på etiske krav i bransjen de siste tre år. Dette inkluderer, men er ikke begrenset til, brudd på regler om arbeidsmiljø, forurensningslov og straffelov. Videre bekrefter tilbyder at en ikke har vært involvert i noen form for forsøk på bestikkelser, korrupsjon, tilbud om utilbørlige fordeler til tjenestemenn, bedrageri eller hvitvasking av penger.
- Tilbyder kjenner heller ikke til at noen av ens ansatte har begått alvorlige brudd på etiske krav i bransjen som nevnt ovenfor.
- Tilbyder bekrefter videre at en ikke er kjent med at noen av underleverandører, som skal utføre en vesentlig del av arbeidet knyttet til denne kontrakten, har begått slike alvorlige brudd på etiske krav i bransjen som nevnt ovenfor.
- Tilbyder er kjent med at uriktig erklæring om kjennskap til slike forhold kan gi grunnlag for avvisning av tilbud, og etter omstendighetene også være straffbart.

Undertegnede tilbyder erklærer med dette at nevnte forpliktelser vil bli overholdt.

Dato: ..... Organisasjons nr. .....

Sign. Tilbyders representant: Virksomhetens navn:

....